



Fylkesmannen i Vestland

Vår dato:

27.05.2020

Vår ref:

2020/7577

Dykkar dato:

30.04.2020

Dykkar ref:

201839611

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om konsesjon til grunnvassuttak for Lærdal vassverk på Hauge i Lærdal kommune

Fylkesmannen vurderer at grunnvassanlegget på Hauge i Lærdal kan etablerast med små konsekvensar for allmenne interesser, føresett at inngrepa i naturtypelokaliteten Hauge vest blir så avgrensa som mogleg.

Vi viser til oversendinga 30. april 2020 som gjeld høyring av søknad frå Lærdal vassverk om uttak av grunnvatn på Hauge i Lærdal.

Om søknaden og konsekvensutgreiinga

Lærdal kommune ønskjer å etablere nye Lærdal vassverk med grunnvassuttak og vasshandsamingsanlegg ved Hauge (gbnr. 20/2) i Lærdal kommune. Søknaden gjeld konsesjon til vassuttak, etablering av brønnar og vassleidningar mellom brønnar og vasshandsamingsanlegget. Anlegget skal forsyne kommunesenteret Lærdalsøyri og busetnad opp forbi sjukehuset ved Ofta, i tillegg til nye og eksisterande abonnentar ved Håbakken.

Grunnvassuttaket vil bli på inntil 150 m³/t (3600 m³/døgn). Utførte undersøkingar og grunnvassmodellering syner at 80-90 prosent av vassuttak frå brønnane blir mata frå elvesida, medan dei resterande 10-20 prosent kjem frå lausmassane i dalbotnen søraust for brønnane.

Eigenvurderinga i søknaden er at grunnvassuttaket vil ha liten effekt på grunnvassnivået på naboeigedomane, og ingen synleg verknad på vassføring/vassnivået i Lærdalselva. Tiltaket vil heller ikkje medføre negative konsekvensar av betydning for landskap, naturtype, raudlistear, brukarinteresser med meir. Det kan ventast noko ulempe for landbruket i anleggsfasen.

Vår vurdering

Uttak av drikkevatn har høg prioritet samanlikna med mange andre samfunnsføremål. I og ved Lærdalselvi er det også store naturverdiar som det må takast omsyn til. Fylkesmannen har fått kome med innspel undervegs i planlegginga av vassanlegget med røyrtraséar, slik at planane kunne ta omsyn til desse interessene.

E-postadresse:
fmvlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Lærdalselvi er eit nasjonalt laksevassdrag og er gitt eit særskilt vern i lov om laksefisk og innlandsfisk § 7a første ledd, og det er ein høg terskel for nye tiltak som kan skade laksen i vassdraget. Det er også fleire viktige naturtypelokalitetar knytt til elva og nærområdet.

Planlagt grunnvassuttak utgjer inntil 0,042 m³/s, eller om lag 3 prosent av den alminnelege lågvassføringa som er oppgitt til 1,5 m³/s. Sjølv om brønnane i stor grad vil bli mata frå elva, så reknar vi ikkje med at eit vassuttak i den storleiken vil påverke elva i ein slik grad at det kan få nemneverdig negativ effekt for laksen i Lærdalselvi. Laksen ser heller ikkje ut til å bli påverka av inngrep i elva som følgje av dei tiltaka som er omfatta av denne konsesjonshandsaminga. Vassuttaket vil heller ikkje endre tilstandsklassifiseringa etter vassforskrifta.

Ein av dei tre grunnvassbrønnane skal etablerast innanfor naturbeitemarka Hauge vest (verdi viktig – B), og denne vil dermed bli noko påverka av utbygginga. Inngjerda areal rundt brønnen vil utgjere ein radius på 6-10 meter. Brønnen vil ikkje påverke førekomsten av klåved (NT), som er knytt til den flaumpåverka øya i Lærdalselvi. Vår vurdering er at konsekvensane for naturtypelokaliteten vil bli avgrensa, føresett at inngrepa knytt til anleggsarbeidet blir minimert så langt som råd.

Vassanleggsbygget vil bli liggjande delvis skjult av tre/skog. Det er nemnt at det vil bli vurdert «*noko tilplanting med naturleg vegetasjon/trær*» for eventuelt å dempe innsyn. Vi vil streke under at dersom det må plantast til, må det bli brukt lokale plantar og tre frå nærområdet. Reetableringa av vegetasjon vil skje naturleg dersom det øvste jordlaget med den naturlege frøbanken blir lagt til side under arbeidet, og tilbakeført etterpå.

Vi legg til grunn at dyrka mark som blir påverka av arbeidet blir tatt omsyn til i tråd med gjeldande føringar for slikt arbeid, og vi konstaterer at det er inngått avtale med grunneigarane som blir påverka av tiltaket.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

LÆRDAL ELVEEIGARLAG SA	Stødnavegen 11	6887	LÆRDAL
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL